

**Sakshandsamar**

Hallvard Oppedal

Tlf. 57 78 20 02

**Vår referanse**

14/13 - JP 15/4900

**Dykkar referanse**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

**Dato**

28.05.2015

## Ny veg Skipavika

Viser til sak 8/15 i Hovudutval for Samferdsle, og synfaring med Ordførar i Gulen kommune, leiar i Hovudutvalet og representantar for Skipavika Næringspark AS den 21.05.2015

Målsetjinga med synfaringa og møte var å sjå på mogelegheiter for å få bygd ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua.

Grunnlaget for dette er den gode utviklinga på Skipavika Næringspark der fleire bedrifter har etablert seg allereide, og den tungtrafikken dette medfører.

Skipavika Næringspark AS er godt i gang med å utarbeide reguleringsplan for den nye vegen.

Ein ny veg vil gi ei innkorting av avstanden til Brandangersundbrua på 5,5 km. I tillegg vil den gå heilt utanom busetnaden på Sande. Bygda Sande vil også bruke den nye vegen både når dei skal inn til fastlandet og om dei skal til Byrknes.

Dette vil gi svært liten trafikk på den eksisterande vegen, og Fylkeskommunen treng ikkje å ruste den opp før kommunen kan overta den.

I motsett fall må det ein kraftig opprustning til før kommunen kan godta ei overtaking. Kversøy Maskin AS har gjort ei kalkyle på dette, og meiner at det vil komme på mellom 15 og 18 mill. kr.

Vi var også i møte den 21.05 samde om at Skipavika Næringspark skulle hente inn pris på ny veg, og det estimatet frå Magne Hope AS ligg ved.

Det viser seg at det er av stor samfunnsnytte å få bygd ny veg, då det ser ut som om kostnadane med den er lågare enn opprustninga av den gamle.

Her er mange fordelar med ny veg:

- \* Bygda på Sande ynskjer ny veg for å sleppe tungtrafikk gjennom tun.
- \* Den nye vegen gjev ei innkorting mot fastlandet på 5,5 km.
- \* Dagens veg er i svært dårleg forfatning, bygd på jord og sand og tåler ikkje tungtrafikk.
- \* Bru på Sande er i ferd med å rase saman.
- \* Ny-asfaltering som er inne på budsjett i haust, ca. 3 million kroner er bortkasta som følge av manglande bærelag.
- \* Skipavika Næringspark er i rask vekst og treng god vegforbindelse.
- \* Ny veg vil i tillegg utløyse nye attraktive industri/havneareal nordover.

- \* Skipavika Næringspark mista ei etablering frå eit boreselskap som fylje av manglande veg, 5000 m<sup>2</sup> bygg, 20-30 arbeidsplasser (Bygd på Mongstad).
- \* Ny veg vil utløyse mindre energi behov frå lastebiler som vil sleppe ein bratt opp- og nedstigning, reduserte CO<sub>2</sub> utslepp.
- \* Truleg vil det sparast inn pengar på skuleskyss og ruteforbindelse med taxi/buss.
- \* Vesentleg rimelegare drifts- og vedlikeholdsutgifter med ein ny veg.

Forslag til finansiering:

- \* Løyvde pengar til asfaltering: Ca. 2,7 millioner kroner
- \* Skipavika Næringspark: Ca. 1,3 millioner kroner, bidrag med veggrus og pukk.
- \* Skipavika Næringspark: Ca. 1,2 millioner kroner, bidrag med organisering og byggeleing.
- \* Rest Ca. 12 millioner kroner.

Den resterande summen er likevel mindre enn ei forsvarleg oppgradering av gamlevegen frå Ånneland til Skipavika.

Gulen kommune ser for seg at vi skal overta den gamle vegen slik den ligg med dei usikkermomenta som ligg der ang. tilstanden på vegen.

Utover det er vi innstilt på å finne løysingar når det gjeld finansiering. Også forskottering av delar av kostnaden kan vere noko vi kan diskutere.

Vi vonar at vi i fellesskap kan komme fram til gode løysingar. Eg er sikker på at dersom vi får dette på plass så er Skipavika eit område som vil vere svært attraktivt for store etableringar i framtida.

Med venleg helsing

Hallvard Oppedal  
Ordførar

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Gulen kommune og har derfor ingen signatur.*

### **Vedlegg**

Estimat ny veg - Magne Hope AS  
Kostnadsoverslag Kversøy  
Skipavika\_skisse 040515